



Innsats i BTI – Kartlegging ved helsestasjon/skulehelsetenesta

NAMN PÅ TILTAKET: Kartlegging av barn og unge	GJELD NIVÅ: 2
Aktuell aldersgruppe: 0 år - ut ungdomsskolen	Gjeld: helsestasjon 0-5 år og skulehelsetenesta
Omfang: Individuelt, etter behov	Kontaktperson i tenesta: Grethe Natås, leiande helsesøster eller helsesøster ved aktuell skule Telefon: 53748120 e.post: grethe.natas@sveio.kommune.no
Omtale av tiltaket: I Sveio har helsestasjonen oppfølging av barn og unge frå 0 år til ut ungdomsskolen. Når dei startar på vidaregåande skuler så overtar som regel helsesøster som er på den aktuelle skulen oppfølginga av elevane. Helsestasjon og skulehelseteneste kartlegger gjennom observasjon, samtaler, anamnese og ulike verktøy. Det vert deretter gjort ei vurdering på kva ein tenkjer kan vera nyttig å gjera vidare. Kartlegginga kan vere målretta, på grunnlag av opplysningar frå samarbeidspartar, familien eller andre. Me kartlegger ressursar så vel som utfordringar, og innhentar informasjon frå både brukar og nettverk. <ul style="list-style-type: none">• Me nyttar ulike verktøy til undersøking av sansar, som t.d. BOEL(hørsel test av små barn) audiometri (hørsel), Lea-tavle (syn), TNO samsynstest, Språk 4 og Sats 2 (språk, 2 år). Helsestasjonslegen kan henvisa barn og unge vidare til øyelege, ØNH lege og barnepol.• Me kan også kartlegge/avdekke depresjon i svangerskap/barseltid, rus eller vold. Edinburgh postnatal depresjonsskår (EPDS) er eit spørreskjema som vert nytta for å oppdage pasienter med depresjon i svangerskapet eller etter fødsel. Jordmor eller helsesøster utfører testen. Skåren gjev grunnlag for vurdering i.h.t behovet for utgreiing og evt. behandling. Me henviser då til psykiatrisk sjukepleier for oppfølging eller til fastlegen for utredning/oppfølging.	